



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 72 L

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i straffeprosessloven
(beløpsgrense for dekning av økonomisk
tap ved erstatning etter strafforfølgning)

Innhald

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5	7	Kven krav om erstatning skal rettast til	19
2	Bakgrunnen for lovforslaget	7	8	Overgangsreglar	20
2.1	Behovet for regelendringar	7	8.1	Forbodet mot tilbakeverkande lover etter Grunnlova § 97	20
2.2	Høyringsnotat 4. juli 2025	7	8.2	Forslaget i høyringsnotatet	20
3	Grunnlova og internasjonale plikter	10	8.3	Høyringsinstansane sitt syn	20
			8.4	Departementet si vurdering	20
4	Andre lands rett	11	9	Økonomiske og administrative konsekvensar	22
4.1	Dansk rett	11			
4.2	Svensk rett	11			
5	Innføre ei beløpsgrense for dekning av økonomisk tap	12	10	Merknader til føresegnene	23
5.1	Gjeldande rett	12	10.1	Til endringane i straffeprosessloven	23
5.2	Forslaget i høyringsnotatet	12	10.2	Til lovforslaget del II	23
5.3	Høyringsinstansane sitt syn	13			
5.4	Departementet si vurdering	14			
6	Om juridiske personar	17		Forslag til lov om endringar i straffeprosessloven (beløpsgrense for dekning av økonomisk tap ved erstatning etter strafforfølgning)	25

Prop. 72 L

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i straffeprosessloven (beløpsgrense for dekning av økonomisk tap ved erstatning etter strafforfølgning)

*Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 27. mars 2026,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Justis- og beredskapsdepartementet legg i denne proposisjonen fram eit forslag til endring i reglane om erstatning etter strafforfølgning i lov 22. mai 1981 nr. 25 om rettergangsmåten i straffesaker (Straffeprosessloven). Endringa inneber å innføre ei øvre beløpsgrense for dekning av økonomisk tap, slik det blei føreslått i høyringsnotat 4. juli 2025. I motsetnad til forslaget i høyringsnotatet skal beløpsgrensa gjelde både for fysiske og juridiske personar.

Medan alminneleg erstatningsrett normalt krev skuld for å leggje erstatningsansvar, er erstatning etter strafforfølgning ei særordning der staten tek på seg eit objektivt ansvar, utan at det føreligg skuld. Det objektive ansvaret gjeld difor sjølv om strafforfølginga har vore rettmessig og det ikkje heftar feil ved forfølginga. Erstatning etter strafforfølgning er mellom anna grunnlagt ut frå ein rettferdstanke om at samfunnet bør bere risikoen for tap som følgjer av ei strafforfølgning som ikkje fører fram, og at utgiftene bør sjåast

som ein driftskostnad som fellesskapet bør bere. Ved at det ikkje må påvisast feil eller skuld, legg ordninga til rette for ei enkel og effektiv behandling av erstatningskrava.

Dei seinare åra er det fremja krav frå nokre få enkeltpersonar som gjeld svært høge inntektstap. Føremålet med forslaget er å motverke at hovudtyngda av dei totale utbetalingane etter ordninga skal gå til å dekke slike krav. Krav over beløpsgrensa må med forslaget behandlast etter dei alminnelege erstatningsrettslege reglane.

Beløpsgrensa vert føreslått sett til 160 gongar grunnbeløpet i folketrygda (20 825 600 kroner per 1. mai 2025), og er meint å gjelde samla økonomisk tap, irekna framtidig inntektstap. Beløpsgrensa vert føreslått regulert i straffeprosessloven § 444 nytt tredje ledd, § 445 nytt andre ledd og § 448 nytt andre ledd. Beløpsgrensa skal ikkje gjelde der den domfelte blir frifunnen etter gjenopning eller får erstatning etter § 444 andre ledd. Departementet foreslår heller inga øvre grense

for kor stort beløp som kan tilkjennast i oppreisning.

I tråd med høyringsnotatet føreslår departementet elles at straffeprosessloven § 449 første ledd blir endra slik at det går fram av lova at det er Statens sivilrettsforvaltning som behandlar krav om erstatning etter strafforfølgning. Krav skal etter forslaget fremjast direkte til Statens sivilrettsforvaltning, og ikkje til det enkelte politidistriktet slik det blir gjort i dag.

I høyringsnotatet føreslo departementet også endringar i satsane for varetektsfengsling fastsett i forskrift 12. desember 2003 nr. 1472 om standardsatser for oppreisning etter uberettiget strafforfølgning, samt innføre ei årleg justering av satsane. Departementet tek sikte på å følge opp desse forskriftsendringane på eit seinare tidspunkt.

2 Bakgrunnen for lovforslaget

2.1 Behovet for regelendringer

Dei årlege utbetalingane etter ordninga med erstatning etter strafforfølging har variert noko, men frå 2020 og fram til 2024 har dei hovudsakeleg ligge på 30 til 40 millionar kroner fordelt på om lag tusen saker. Dette vil etter alt å dømme endre seg, då det dei siste åra er fremja stadig fleire krav til dekning av høge inntektstap. Statens sivilrettsforvaltning skriv i sin årsrapport for 2024 punkt 3.4:

Som det fremgår av tabell 3.16 varierer utbetalingene av erstatning betydelig fra år til år. Antall saker som behandles anses å være av underordnet betydning for det totale utbetalingsnivået. Utbetalingene avhenger primært av hvilke saker som behandles. I 2024 ble det gjennomført to større erstatningsutbetalinger som hadde stor innvirkning på den totale summen som er utbetalt etter ordningen. Av de 79,4 mill. kronene som ble utbetalt utgjør Baneheia-saken alene 45,5 mill. kroner. Videre ble det etter domstolsbehandling i en sak om anklage for grov økonomisk utroskap og grovt skattesvik utbetalt 13,4 mill. kroner. Samlet utgjorde de to nevnte sakene 75 prosent av utbetalingene etter ordningen i 2024. SRF har i perioden 2022 til 2024 mottatt flere høye erstatningskrav som vil bli behandlet i 2025 og 2026. En av sakene til behandling gjeld et krav på 127 mill. kroner etter en siktelse for grovt skattesvik. Videre har vi ni saker til behandling som gjeld krav i størrelsesorden 10 til 64 mill. kroner. I 21 saker er kravet i størrelsesorden 1 til 8 mill. kroner. Det pågår tre saker for domstolen med krav på henholdsvis 150 mill., 120 mill. og 103 mill. kroner. De høyeste erstatningskravene SRF mottar, har vanligvis sin bakgrunn i etterforskning av økonomisk kriminalitet, herunder korrupsjon og bedrageri.

Ei av sakene som Statens sivilrettsforvaltning viser til, der kravet ligg på om lag 120 millionar kroner, gjeld tidlegare strafforfølging av ein investeringsrådgivar. Staten vart i saka kjend erstat-

ningsansvarleg av Borgarting lagmannsrett ved dom 30. oktober 2025 (LB-2024-197119), og saka vart avvist av Høgsteretts ankeutval 5. februar 2026 (HR-2026-286-U). Staten er dermed kjend endeleg ansvarleg. Utmålingsspørsmålet skal no behandlast i tingretten.

2.2 Høyringsnotat 4. juli 2025

Justis- og beredskapsdepartementet føreslo i høyringsnotat 4. juli 2025 endringar i straffeprosessloven sine reglar om erstatning etter strafforfølging. Høyringsfristen var 4. oktober 2025.

Høyringsnotatet vart send til følgjande instansar:

Departementa

Høgsterett
Lagmannsrettane
Tingrettane
Forliksråda

Arbeids- og velferdsdirektoratet
Brønnøysundregistra
Datatilsynet
Den nasjonale eininga retta mot organisert og annan alvorleg kriminalitet (Kripes)
Den sentrale eininga for etterforskning og påtale av økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet (Økokrim)
Digitaliseringsdirektoratet
Domstoladministrasjonen
Finansklagenemnda
Finanstilsynet
Forbrukarrådet
Forbrukartilsynet
Institutt for samfunnsforskning
Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker (Gjenopptakingskommisjonen)
Konkursrådet
Kontoret for valdsoffererstatning
Kriminalomsorgsdirektoratet
Kriminalomsorgsregionane
Likestillings- og diskrimineringsombodet

Longyearbyen lokalstyre
 Namsfuten i Oslo, Asker og Bærum
 Noregs institusjon for menneskerettar
 Politidirektoratet
 Politidistrikta
 Politiets tryggingsteneste (PST)
 Regelrådet
 Regjeringsadvokaten
 Riksadvokaten
 Sametinget
 Sekretariatet for konfliktråda
 Sivilombudet
 Skattedirektoratet
 Spesialeininga for politisaker
 Statens innkrevingssentral
 Statens sivilrettsforvaltning
 Statsadvokatembeta
 Statsforvaltarane
 Støttesentra for kriminalitetsutsette
 Tilsynsråda for kriminalomsorga
 Velferdsforskingsinstituttet NOVA ved Oslo Met

Handelshøyskolen BI
 Høgskolen i Innlandet
 Høgskolen i Molde
 Høgskolen og utdanningssenteret for kriminal-
 omsorga (KRUS)
 Norges Handelshøyskole
 Politi høgskolen
 Universitetet i Bergen, Det juridiske fakultet
 Universitetet i Oslo, Det juridiske fakultet
 Universitetet i Stavanger
 Universitetet i Sør-Øst Norge
 Universitetet i Tromsø, Det juridiske fakultet

Advokatforeningen
 Akademikerne
 Amnesty International (norsk avdeling)
 Bergen forsvarerforening
 Byggmesterforbundet
 Den Norske Aktuarforening
 Den norske Dommerforening
 Den norske Forsikringsforening
 Eiendom Norge
 Eika Forsikring
 Fafo
 Fellesorganisasjonen
 Finans Norge
 Finansforbundet
 Finansieringsselskapenes Forening
 Forandringsfabrikken
 Forsvarergruppen
 Fremtind Forsikring
 Frende Forsikring
 Frivillighet Norge

Gatejuristen
 Gjeldsoffer-Alliansen
 Gjensidige Forsikring
 Gode betalere
 Hovedorganisasjonen Virke
 Human Rights House Foundation
 If Skadeforsikring
 Juridisk rådgiving for kvinner (JURK)
 Juristforbundet
 Jussbuss
 Jussformidlingen i Bergen
 Jusshjelpa i Nord-Norge
 KLP Skadeforsikring AS
 Knif Trygghet Forsikring
 KS (kommunesektorens organisasjon)
 Landkreditt Forsikring
 Landsorganisasjonen i Norge (LO)
 Ly Forsikring
 Nemi Forsikring
 NKK – kommunesektorens interesseorganisasjon
 for økonomi og innkreving
 Norges Bondelag
 Norges Eiendomsmeglerforbund
 Norges Hytteforbund
 Norges ingeniør- og teknologorganisasjon
 Norges Politilederlag
 Norges Røde Kors
 Norsk Bonde- og Småbrukarlag
 Norsk Tenestemannslag
 Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)
 OBOS BBL
 Politiets Fellesforbund
 Politiets kriminalitetsforebyggende forum
 Politijuristene
 Protector Forsikring
 Regnskap Norge
 Rettspolitisk forening
 Rettssenteret
 Rådgivende Ingeniørers Forening
 Samarbeidsutvalget for forlikråd og namsmenn
 Samfunnsviterne
 Skattebetalerforeningen
 SMB Norge
 Statsadvokatenes forening
 Stiftelsen Retretten
 Stiftelsen Rettferd
 Stine Sofies Stiftelse
 Storebrand forsikring
 Straffedes organisasjon i Norge
 Tekna
 Tryg Forsikring
 UNICEF Norge
 Verdipapirfondenes forening
 Verdipapirforetakenes Forbund
 WayBack

Yrkesorganisasjonenes sentralforbund

Regnskap Norge
SMB Norge

Det kom inn 31 høyringssvar. Følgjande instansar hadde realitetsmerknader til forslaget:

I tillegg har ti privatpersonar uttala seg om forslaget, under dette Bjarte Askeland, professor dr. juris, Handelshøyskolen BI.

Nordland politidistrikt

Oslo politidistrikt

Politidirektoratet

Riksadvokaten

Statens sivilrettsforvaltning

Troms politidistrikt

Trøndelag politidistrikt

Økokrim

Øst politidistrikt

Følgjande instansar svara at dei avstår frå å kome med merknader eller ikkje har merknader:

Høgsterett

Borgarting lagmannsrett

Arbeids- og velferdsdirektoratet

Domstoladministrasjonen

Forsvarsdepartementet

Skattedirektoratet

Advokatforeningen

Den Norske Aktuarforening

Næringslivets hovedorganisasjon (NHO)

3 Grunnlova og internasjonale plikter

Etter Grunnlova § 94 tredje ledd står dei som utan rett har arrestert nokon eller halde nokon ulovleg fengsla, til ansvar for vedkommande. Med ansvar meiner føresegna erstatningsansvar, jf. *Dokument 16 (2011–2012) Rapport fra Menneskerettighetsutvalget om menneskerettigheter i Grunnloven*, punkt 22.2, side 114. Medan krav om erstatning etter Grunnlova føreset ei ulovleg fridomskrenking, går retten til erstatning etter straffeprosessloven kapittel 31 lengre ved at reglane også gir rett til erstatning når ei sak om strafforfølgning vert lagt bort eller vedkommande vert frifunnen, sjølv der fridomsinnskrenkingane har vore lovlege.

Grunnlova er ikkje til hinder for at det vert stilt krav om skuld hos den som er ansvarleg for den ulovlege fridomskrenkinga, så sant vilkåra for erstatning ikkje blir for strenge, jf. Andenæs og Fliflet, *Statsforfatningen i Norge* (2006), s. 406–407.

Føresegna i Grunnlova § 94 tredje ledd er ei vidareføring av ansvarsregelen som tidlegare stod i Grunnlova § 99 første ledd andre punktum. I motsetnad til første og andre ledd er ikkje tredje ledd utforma etter internasjonale førebilete, men har til felles med EMK og SP at ho etter ordlyden berre seier noko om ansvar overfor dei som er utsett for ulovleg fridomskrenking. Grunnlova § 94 inneheld ikkje noko uttømmende liste over kva føremål og situasjonar staten kan ta fridommen frå borgarane, slik EMK artikkel 5 nr. 1 til 4 gjer.

Føresegna i EMK artikkel 5 nr. 5 og SP artikkel 9 nr. 5 oppstiller ikkje krav om noko bestemt

erstatningsbeløp, jf. dom 26. mai 2009 *Damian-Burueana og Damian mot Romania* (sak 6773/02) avsnitt 89, men beløpet må etter praksis frå EMD ikkje vere uvesentleg eller svært uforholdsmessig sett i forhold til alvoret av krenkinga, jf. dom 10. juli 2018 *Vasilevskiy og Bogdanov mot Russland* (sak 52241/14 og 74222/14) avsnitt 22 og 26.

Når det gjeld gjenopningssaker, gir EMK sjunde tilleggsprotokoll artikkel 3 (P7-3) og SP artikkel 14 nr. 6 rett til erstatning i samsvar med nasjonal rett når nye omstende gir grunnlag for gjenopning og desse på avgjerande måte viser at det har skjedd ei såkalla rettsfornekting («a miscarriage of justice»). Med «miscarriage of justice» meiner ein at det må føreligge «some serious failure in the judicial process involving grave prejudice to the convicted person», jf. punkt 23 i den forklarande rapporten til protokoll nr. 7. Føresegnene oppstiller inga spesifikk beløpsgrense eller faste satsar for kor mykje som skal utbetalast i erstatning i slike saker, men overlet i stor grad til kvar enkelt stat å fastsette utmålinga gjennom nasjonal lov eller praksis, jf. ordlyden: «compensation is payable ‘according to the law or the practice of the State concerned’ i P7-3. Det går vidare fram av punkt 25 i den forklarande rapporten til protokoll nr. 7, at formuleringa «according to the law or the practice of the State concerned» inneber at medlemsstatane si lovgiving eller praksis må gi rett på erstatning i alle tilfella der P7-3 får verknad.

4 Andre lands rett

4.1 Dansk rett

Lov nr. 90 av 11. april 1916 om rettens pleje (retsplejeloven) kapittel 93 a inneheld reglar om erstatning på objektivt ansvarsgrunnlag, jf. §§ 1018 a–1018 d, for fridomskenking og andre straffeprosessuelle inngrep, under dette reglar om obligatorisk erstatning, jf. § 1018 a, stk. 1, og § 1018 d, og reglar om erstatning på grunnlag av alminnelege erstatningsreglar, jf. § 1018 h. Etter reglane blir erstatning ytt både for økonomisk skade og for lidning, tort, ulempe og forstyrringar eller øydelegging av stilling og forhold. Juridiske personar kan krevje erstatning for økonomisk tap, dersom vilkåra for erstatning er oppfylte.

Berekning av økonomisk tap eller tapt arbeidsforteneste blir gjort etter reglane i erstatningsansvarsloven (lov nr. 599 av 8. september 1986 med seinare endringar) §§ 1, 1a og 2. Føresegna i erstatningsansvarsloven § 4 om berekning av varige mein har ei øvre beløpsgrense på 1 073 500 DKK (per 2025) ved ein meingrad på 100 prosent. Ved berekning av nedsett arbeidsevne etter § 7 er det ei øvre beløpsgrense på 11 052 000 DKK (per 2025). Det følgjer altså visse grenser for tapsutmålinga og etter dansk rett.

Etter retsplejeloven § 1018 e, stk. 1, må krav settast fram innan to månader etter at sikta vart informert om at strafforfølginga var avslutta eller endeleg dom vart avsagt. Kravet om erstatning skal framsettast overfor politidirektøren eller statsadvokaten som har hatt ansvaret for etterforskinga i saka som har gitt opphav til kravet. Avgjerd i saka vert treft av statsadvokaten i første instans.

4.2 Svensk rett

I Sverige er erstatning etter strafforfølging regulert i Lag (1998:714) om ersättning vid frihetsberövanden och andra tvångsåtgärder (frihetsberövandelagen). Lova regulerer retten til erstatning for fridomskenking og andre tvangstiltak. I motsetnad til det offentlege sitt erstatningsansvar elles, er ansvaret for urettmessig fridomskenking objektivt (på svensk «strikt»). Ordninga gjeld berre fysiske personar. Juridiske personar er ikkje omfatta.

Erstatning etter straffeforfølging dekker «lidande», tapt arbeidsforteneste, forstyrring av næringsverksemd og utgifter, jf. frihetsberövandelagen § 7. Erstatning for «lidande» tilsvavar oppreisingserstatning etter norsk rett. Ein kan ikkje få erstatning for personskade, det vil sei skade på ein person si fysiske eller psykiske helse, eller tingskade etter frihetsberövandelagen. Krav om erstatning for person- og tingskade må eventuelt fremjast etter reglane i Skadeståndslag (1972:207) (skadesståndslagen).

Erstatning for tapt arbeidsinntekt blir utbetalt i prinsippet berre for dei dagane fridomskenkinga gjekk føre seg. Det er erstatningssøkjaren som har bevisbyrda for at det føreligg eit tap og for storleiken på tapet, sjå SOU 2025:23 *Ersättningsregler med brottsoffret i fokus*, side 359.

Søknad om erstatning skal settast fram for Justitiekansleren, utan vidare klagerett. Blir ikkje kravet imøtekomme av Justitiekansleren, kan saka prøvast for domstolen, jf. §§ 3 og 15 i förordningen (1995:1301) om handläggning av skadeståndsanspråk mot staten.

5 Innføre ei beløpsgrense for dekning av økonomisk tap

5.1 Gjeldande rett

Etter straffeprosessloven § 444 første ledd bokstav a til c har sikta i utgangspunktet rett til erstatning av staten for økonomisk tap som forfølgninga har påført han, dersom han enten blir frifunnen, forfølgninga blir innstilt, eller han har blitt pågripen eller fengsla i strid med Den europeiske menneskerettskonvensjonen artikkel 5 eller FNs konvensjon om sivile og politiske rettar artikkel 9. Straffeprosessloven § 444 andre ledd opnar òg for å dekke økonomisk tap som skuldast fullbyrda straff som overstig den straffa som er idømd etter gjenopning av ei sak.

Ansvar et etter straffeprosessloven § 444 er objektivt, det vil seie at det ikkje er krav om at det kan påvisast feil eller skuld hos offentlege styresmakter. Den som oppfyller vilkåra har rettskrav på erstatning og får i dag dekt det fulle økonomiske tapet sitt, også framtidig økonomisk tap, føresett at kravet til adekvat årsaksamanheng er oppfylt, jf. Ot.prp. nr. 77 (2001–2002) *Om lov om endringer i straffeprosessloven mv. (erstatning etter strafforfølgning)* punkt 11.1 side 65. Døme på relevante økonomiske tap er tapt arbeidsforteneste, tap av klientar eller kundar, tap som følgje av psykiske problem etter fengslinga, og ekstraavgifter grunna beslag eller inndraging av førarkort, jf. Ot.prp. nr. 77 (2001–2002) punkt 11.2, side 65.

Særlege spørsmål oppstår når tapet rammar eit selskap der sikta har rett til del av overskot i selskapet. I utgangspunktet vil slikt tap sjåast på som eit selskapstap som sikta ikkje kan krevje erstatta, jf. Rt. 2004 side 1816 (Skiltmakar-dommen). I dommen vart ein aksjeeigar ikkje tilkjend erstatning for tapt eigarinntekt (aksjeutbyte) som følgje av at trafikkulykka aksjeeigaren hadde vore utsett for hadde redusert nettoinntekta i aksjeselskapet. Dette prinsippet gjeld òg i saker om erstatning etter strafforfølgning, jf. til dømes LB-2017-30924.

Medan straffeprosessloven § 444 gir eit rettskrav på erstatning for økonomisk tap, gir straffeprosessloven § 445 ei opning for å tilkjenne erstatning for økonomisk tap etter skjønn.

Vidare gjeld føreseigna i straffeprosessloven § 448 erstatning og oppreisning til andre enn sikta,

og opnar for å tilkjenne erstatning ut frå ei rimelegheitsvurdering når skade eller annan ulempe er påført ved gransking, ransaking, beslag, kommunikasjonskontroll, eller anna forføying under saka. Erstatning etter § 448 føreset at etterforskingsskrittene rammar personen direkte, til dømes når ein eigar av ei leilegheit er påført tap fordi politiet øydela døra i samband med ei strafforfølgning mot leigetakaren.

Reglane i straffeprosessloven kapittel 31 er uttømmende når det gjeld staten sitt objektive ansvar, jf. Rt. 1998 side 40. Sikta kan eventuelt i staden reise sivil søksmål mot staten etter alminnelege erstatningsrettslege reglar. I så fall vil staten kunne bli ansvarleg etter arbeidsgivaransvaret i skadeserstatningslova § 2-1, jf. Rt. 1998 side 35 på side 38.

5.2 Forslaget i høyringsnotatet

I høyringsnotatet 4. juli 2025 punkt 6.1 føreslo departementet å sette ei øvre beløpsgrense for dekning av inntektstap etter ordninga med erstatning etter strafforfølgning. Etter forslaget skulle beløpsgrensa settast til 160 gongar grunnbeløpet i folketrygda, som tilsvarar kroner 20 825 600 per mai 2025. Beløpsgrensa for inntektstap skulle etter forslaget gå fram av nytt tredje ledd i straffeprosessloven § 444.

I departementet si grunngeving for forslaget viste ein til at det dei siste åra er fremja stadig større krav til dekning av høge inntektstap, og at dreininga tilseier at hovudtyngda av dei totale utbetalingane i framtida vil knyte seg til dekning av enkelte høge inntektstap, framfor oppreisning for å kompensere for fridomskrenking. Departementet meinte også at grunngevinga for ordninga, der staten på objektivt grunnlag dekker alt tap uavhengig av om staten har gjort seg skuldig i feil eller forsømmingar, ikkje treff like godt for dei som når beløpsgrensa. I tillegg blei det mellom anna framheva at den forenkla forvaltningsbehandlinga i ordninga, i mindre grad er tilpassa krevjande utmålingsspørsmål.

5.3 Høyringsinstansane sitt syn

Statens sivilrettsforvaltning, Økokrim, Troms politidistrikt, Trøndelag politidistrikt, Den norske aktuarforeining, professor dr. juris Bjarte Askeland v/ Handelshøgskolen BI, og ein annan privatperson støttar forslaget om å innføre ei beløpsgrense for inntektstap.

Statens sivilrettsforvaltning meiner det i staden for ei total øvre beløpsgrense bør vurderast ei årleg beløpsgrense. Etter deira vurdering vil ei total beløpsgrense kunne slå uheldig og urettferdig ut i dei sakene der det er tale om ei svært høg inntekt, og der heile inntektstapet vil bli dekkja der tapsperioden har vore kort, men ikkje dersom vedkomande har vore straffefølgd over ein lengre periode. Dette harmonerer dårleg med oppfatninga om at jo lengre ei straffefølgning varar, jo større inngrep er det ovanfor vedkomande. Ved å ha ei årleg beløpsgrense vil ein ifølgje Statens sivilrettsforvaltning unngå heilt at grensa rammar dei den ikkje er meint å ramme, nemleg personar med ordinær til høg inntekt, men som har vore straffefølgde over ein lang periode. Statens sivilrettsforvaltning føreslår at ei mogleg beløpsgrense kan ligge mellom 6,4 og 10 G årleg.

Professor dr. juris Bjarte Askeland v/Handelshøgskulen BI støttar forslaget om å innføre ei øvre beløpsgrense, og meiner ein bør sjå forslaget i samanheng med lempingsregelen i skadeserstatningsloven § 5-2, når det gjeld bakgrunn og prinsipiell forankring. Askeland viser til at når staten er objektivt ansvarleg for konsekvensane av ein samfunnsmessig nyttig og heilt nødvendig aktivitet for å oppretthalde lov og orden, kan det vere rimeleg at skadevaldar sitt ansvar vert lempa. Askeland føreslår eventuelt å kombinere ei noko lågare beløpsgrense med ei retningslinje i den eksisterande lempingsregelen i skadeserstatningsloven § 5-2.

Riksadvokaten, Advokatforeningen og fleire privatpersonar er ueinige i forslaget om å innføre ei beløpsgrense.

Riksadvokaten meiner at dagens erstatningsordning bør vidareførast slik den er i dag, og at det ikkje utan vidare er klart kva den alminnelege rettsoppfatninga tilseier om dekningsgrad. Etter riksadvokaten sitt syn er det ikkje gitt at risikoen for at ein i framtida vil måtte utbetale svært høge beløp i strid med den alminnelege rettsoppfatninga, vil vege tyngre enn fordelane ved å halde på dagens generelle ordning.

Når det gjeld konsekvensane av at krav over beløpsgrensa må bli fremja i sivile søksmål, meiner *riksadvokaten* at det både vil vere svært

arbeidskrevjande for påtalemakta å sette regjeringsadvokaten i stand til å føre saka for retten, og krevjande for domstolen å ta stilling til den. *Oslo politidistrikt* er òg av dei som peiker på at desse sakene vil vere arbeidskrevjande å handtere. *Riksadvokaten* stiller òg spørsmålet om det vil skape fare for overforsiktighet i politi og påtalemakt dersom desse sakene regelmessig vil få etterspel i sivile søksmål der tenestepersonar må forsvare seg mot påstandar om at dei har opptreidd i strid med profesjonsnorma.

Riksadvokaten viser vidare til at regelen i tvisteloven § 22-6 a avgrensar moglegheita til å føre bevis om politiet og påtalemakta si interne saksførebuing i straffesaker. Riksadvokaten peiker på at terskelen for å tillate slikt bevis ført bør vere «meget høy», og at domstolen berre skulle kunne tillate bevisføring i «ekstraordinære tilfeller». Noko anna ville medføre fare for innverknad på politiet og påtalemakta si kommunikasjon og arbeidsform, jf. Prop. 34 L (2022–2023) *Endringer i tvisteloven mv. (rettsmekling, ankenektelse mv.)* punkt 9.5.2, side 83. Dersom forslaget inneber fleire tilfelle der bevis om politiet og påtalemakta si interne straffesaksførebuing må leggjast fram, så meiner riksadvokaten at det vil vere uheldig.

Advokatforeningen meiner høyringsnotatet i liten grad tek utgangspunkt i dei berande omsyna bak reglane, slik desse går fram i Ot.prp. nr. 77 (2001–2002) *Om lov om endringer i straffeprosessloven mv. (erstatning etter strafforfølgning)*. Etter deira vurdering er det nærliggjande å trekke ein parallell til det domstolsskapte objektive erstatningsansvaret for skade valda ved farleg verksemd. Advokatforeningen peiker på at strafforfølgning har ei ibuande stor skadeevne. Dersom det viser seg at vedkomande ikkje har gjort noko gale, har det offentlege objektivt sett gjort urett, uavhengig av om nokon kan klandrast for feilvurderinga.

I likheit med riksadvokaten peiker også *Advokatforeningen* på utfordringa med at regelen i tvisteloven § 22-6 a avgrensar moglegheita til å føre bevis om politiet og påtalemakta si interne saksførebuing i straffesaker. Etter Advokatforeningen si oppfatning vil ei slik ordning vere i strid med føremålet for lovreforma i 2003, nemleg å gjere det enklare og raskare å få erstatning.

Etter *Advokatforeningen* si vurdering vil det framstå støytande om staten, gjennom objektivt ugrunna bruk av sitt valdsmonopol, ansvarsfritt skal kunne påføre enkeltindivid omfattande tap. Dei meiner seinare års erfaringar viser at det er behov for ei høgare grad av kvalitetssikring og bevisstheit om skadeevna ved tvangsmiddelbruk i

økonomiske straffesaker. Ved høgare økonomiske tap vil ein strafforfølgd, trass i frifinning, regelmessig ikkje ha noko realistisk moglegheit til å byggje seg opp att. Det er då vanskeleg å sjå noko «rimelegheit» i at ikkje staten skal reparere uretten.

Fleire privatpersonar har kome med høyringsinnspel. Innspela er tilnærma likelydande. Dei gir uttrykk for at forslaget bør trekkjast og at ei eventuell gjennomføring vil kunne redusere tilliten til staten og påtalemakta, og særleg gå ut over rettstryggleika til enkeltmenneske som vert utsett for justismord. Dei meiner ei endring i tråd med forslaget vil vere urimeleg og stride med likebehandlingsprinsippet, samt føre til vilkårlege resultat. Dei meiner forslaget vitnar om manglane ansvarskjensle frå staten.

5.4 Departementet si vurdering

Departementet opprettheld forslaget i høyringsnotatet om å innføre ei beløpsgrense på 160 G for ordninga med erstatning etter strafforfølgning.

Strafforfølgning er utan tvil eit av dei mest alvorlege inngrepa styresmaktene kan sette i verk overfor enkeltindivid og foretak, og det blir difor stilt strenge krav til prosessen. Det er openbert at strafforfølgning både kan opplevast svært inngripande og gi store skadeverknader for den enkelte. Samstundes er etterforsking av straffbare forhold ei oppgåve samfunnet ikkje kan velkje vekk. Dei høge erstatningskrava er ofte knytte til strafforfølgning av økonomisk kriminalitet, og etterforsking av økonomisk kriminalitet er viktig både for den enkelte, næringslivet og for at ein skal kunne ha ein velfungerande rettsstat.

Etter departementet si vurdering er det no grunn til å sette ei grense for kor store tap staten bør ta på seg utan å vurdere om det kan påvissast feil eller skuld frå offentlege styresmakter.

Spørsmålet om standardisering og med det innføring av ei beløpsgrense for dekning av økonomisk tap er vurdert tidlegare, mellom anna i NOU 1996: 18 *Erstatning i anledning strafforfølgning* punkt 5.3.2 side 53 og i Ot.prp. nr. 77 (2001–2002) *Om lov om endringer i straffeprosessloven mv. (erstatning etter strafforfølgning)* punkt 3 side 15. Ein fall då ned på at tapa dei varetektsfengsla har lidd er så forskjellige at det ikkje er rimeleg å standardisere erstatninga – verken av omsyn til den skadelidne eller staten.

Det blei heller ikkje føreslått å innføre ei beløpsgrense i NOU 2016: 24 *Ny straffeprosesslov*. I utgreiinga punkt 27.2.1 side 511 vart det mellom

anna framheva at tap etter strafforfølgning lettast kan pulveriserast av staten som ein rein driftskostnad via skatteseddelen. I tillegg blei det i same punkt side 512 vist til at erstatninga også tener fleire andre funksjonar, som å rette opp omdømet til den skadelidne og å motverke dei uheldige sosiale verknadane, særleg sett i lys av at straff oftast rammar personar frå svakare og meir utsette grupper i samfunnet.

Straffeprosesslovutvalet understreka også at krav om erstatning kunne knyte seg til ulike sakstypar, og uttala i punkt 27.1.2 side 511:

Utvalget [...] ønsker å påpeke at det er svært forskjellige sakstyper som gir opphav til erstatning og at kravets størrelse kan skyldes forhold av ulik karakter. For eksempel kan mange års frihetsberøvelse etter dom hvor vedkommende senere er frifunnet etter gjenåpning, så vel som tap av svært høy inntekt hos den erstatningssøkende, medføre store krav. Det er ikke sikkert at det for så ulike tilfeller bør gjelde en felles øvre grense for rett til erstatning på objektivt grunnlag etter ordningen.

Departementet er einig med straffeprosesslovutvalet i at dei ulike sakstypene kan tilseie at det ikkje bør gjelde ei felles øvre grense. Som det går fram nedanfor er det difor behov for ei nærare vurdering av kva sakstypar beløpsgrensa bør gjelde for. Etter departementet si vurdering vil behovet for å kunne pulverisere tapet også variere mellom dei ulike sakstypene. Erstatninga vil framleis ha ein gjenopprettande funksjon i form av å rette opp omdøme til den skadelidne, sjølv om det vert sett ei beløpsgrense.

Vurderingane til straffeprosesslovutvalet må sjåast opp mot at det i same utgreiing punkt 27.2.2 side 512 blei vist til at dei årlege utgiftene til ordninga i åra 2010 til 2015 hadde ligge på om lag 20 millionar kroner. Som utvalet peika på var utgiftene såleis relativt små gitt det ibuande skadepotensialet som følgjer med offentlig strafforfølgning.

I departementet sitt høyringsnotat 4. juli 2025 punkt 2.1 går det fram at dei relativt låge utgiftene har helde seg heilt fram til 2024. Det er utviklinga dei siste to åra som tilseier at det no er behov for å justere ordninga. For å gi eit bilete på dette er det årleg behandla om lag tusen krav og dei totale utbetalingane for desse krava har over fleire år ligge på mellom 30 til 40 millionar kroner, medan to enkeltstående krav som no er til behandling i domstolane utgjør heile 223 millionar kroner. Det er også tidlegare fremja store krav, utan at desse

har ført fram. Det største enkeltstående kravet som Statens sivilrettsforvaltning så langt har motteke er på 900 millionar kroner i 2019. Dei største utbetalingane i enkeltsaker var fram til 2025 på høvesvis 35,6 millionar kroner og 25,2 millionar kroner. I lys av tala i Statens sivilrettsforvaltning sin årsrapport for 2024, punkt 2.1, er sannsynet stort for at det allereie i 2026 vil kunne kome større enkeltutbetalingar etter ordninga.

Departementet er einig med dei høyringsinstansane som har framheva at reglane om erstatning etter strafforfølgning skal vareta grunnleggende krav til rettferd. Isolert sett kan prinsippet om rettferd trekkje i retning av full erstatning etter ei strafforfølgning som ikkje har ført fram, uansett beløp. Omsynet til likskap for lova kan òg tale for at alle skal ha rett til å få dekt heile tapet sitt uansett økonomisk utgangspunkt.

I vurderinga av behovet for å innføre ei beløpsgrense finn likevel departementet grunn til å leggje større vekt på forskjellen i storleiken på de innkomne krava. Etter departementet sitt syn vil det endre ordninga sin karakter dersom størstedelen av utbetalingane går til å erstatte svært høge inntekter for nokre få enkeltpersonar, framfor å sikre grunnleggjande rettstryggleik og dekning av tapspostar for svakare og meir utsette grupper i samfunnet. Lovgivar synest hovudsakleg å ha hatt den sistnemnde gruppa i tankane ved utforminga av ordninga.

Den forenkla sakshandsaminga under ordninga er heller ikkje nødvendigvis godt eigna for å handtere kompleksiteten ved utmåling av høge økonomiske tap, og sakene er etter departementet si vurdering òg av den grunn betre eigna for domstolsbehandling. Ofte vil dei som har nådd beløpsgrensa dessutan ha moglegheit til å gå til domstolen med kravet sitt etter skuldansvaret.

Departementet har merka seg riksadvokaten og enkelte politidistrikt si bekymring for konsekvensane av at fleire krav vil bli fremja i sivile søksmål, med påstand om skuldansvar hos politi og påtalemynd. Riksadvokaten viser til at det kan bli svært arbeidskrevjande å sette regjeringsadvokaten i stand til å føre sakene i retten. Departementet understrekar at beløpsgrensa vil gjelde ytst få saker. Å løfte enkelte av desse sakene opp for ei vurdering av om offentlege styresmakter har gjort feil eller har skuld i strafforfølgninga, vil òg gi grunnlag for å avdekke mogleg systemsvikt som kan gi læring for handtering av framtidige saker. I motsetnad til riksadvokaten er ikkje departementet bekymra for at forslaget vil skape fare for overforsiktigheit i politi og påtalemynd, og viser til at Økokrim, som har dei fleste av desse

sakene, ikkje har innvendingar til det same. Departementet presiserer at dersom politiet og påtalemakta kjem fram til at dei er å klandre for det aktuelle inntektstapet, er det heller ikkje noko i vegen for å avgjere saka utan domstolsbehandling, ved å vedkjenne erstatningsansvar eller gjennom forlik, sjå tilsvarande vurdering i rundskriv G 01/2017, punkt 3.3.

Advokatforeningen har peika på at tvistelova § 22-6 a vil vere til hinder for at erstatningssøkjaren får tilgang til det bevismaterialet som er relevant for å underbygge påstandar om skuldansvar. Riksadvokaten viser òg til denne føresegna, og peiker på at terskelen for å tillate slikt bevis er høg.

Regelen i tvistelova § 22-6 a gjeld bevisforbod for interne straffesaksopplysningar, jf. første ledd. Bevisforbodet svekkjer i utgangspunktet moglegheita til å fremje erstatningskrav etter alminnelege erstatningsrettslege reglar. Bevisforbodet er meint å skulle praktisast restriktivt, men er likevel ikkje absolutt. Som det går fram av andre og tredje ledd kan det innhentast samtykke til bevisføring frå høvesvis riksadvokaten og tingretten. Departementet legg til grunn at det i dei enkelte tilfella vil bli gjort ei forsvarleg vurdering i tråd med føringane i forarbeida, der omsynet til den enkelte sitt behov for å vareta eigne interesser blir vekta opp mot behovet for hemmelegghald, jf. Prop. 34 L (2022–2023) *Endringer i tvisteloven mv. (rettsmekling, ankenektelse mv.)* punkt 9.5.2 side 84.

Ei beløpsgrense vil ramme to svært ulike grupper. Den eine gruppa utgjer personar som urettmessig har sona lange fengselsstraffar og som såleis har blitt påført store økonomiske tap. Den andre gruppa utgjer personar som har uvanlege høge inntekter, som dermed vil kunne nå beløpsgrensa sjølv etter ei relativt kort strafforfølgning.

Departementet deler innvendingane til høyringsinstansane når dei peiker på at innføring av ei beløpsgrense for den første persongruppa vil kunne framstå støytande og urettferdig. Det er i desse sakene rettsstaten har svikta mest. Departementet meiner at omsynet til rettferd og viktigheta av at staten tek ansvar for sine feil, veg tyngst overfor desse. Departementet føreslår difor, i motsetnad til i høyringsnotatet, at beløpsgrensa for dekning av økonomisk tap ikkje bør gjelde der den domfelte blir frifunnen etter gjenopning eller får erstatning etter straffeprosessloven § 444 andre ledd, det vil seie der den domfelte vert tilkjend erstatning for økonomisk tap som skuldast fullbyrda straff som overstig den straffa vedkomande vart dømd til etter gjenopning.

Departementet meiner derimot at innvendingane frå høyringsinstansane har mindre gjennomslagskraft overfor persongruppa som vil kunne nå beløpsgrensa grunna høge inntekter. Departementet har vanskeleg for å sjå rimelegheita i at staten skal bruke fellesskapet sine ressursar til dekning av svært høge økonomiske tap utan at det er påvist feil eller skuld. Dette kjem no særleg på spissen når storleiken på enkeltkrav under behandling er høgare enn dei samla utbetalingane etter ordninga. Departementet peiker på at på andre samfunnsområde trer statens erstatningsansvar som hovudregel berre inn der det er utvist skuld. Ordninga med erstatning etter strafforfølgning er eit unntak frå dette.

Departementet har vurdert om beløpsgrensa ikkje burde gjelde der ein domfelt person er pågripen eller fengsla i strid med EMK artikkel 5 eller SP artikkel 9, jf. straffeprosessloven 444 første ledd bokstav c, men har falle ned på at beløpsgrensa også skal gjelde i desse sakene. Bakgrunnen for dette er at straffeprosessloven § 444 første ledd bokstav c gir sikta rettskrav på erstatning, uavhengig av om saka endar med domfelling, og vil også gjelde ved mindre alvorlege brot på reglene om fridomskrenking, sjå ESTR-2012-2638. At beløpsgrensa vil gjelde der vedkommande blir frifunnen etter straffeprosessloven § 444 første ledd bokstav a, men ikkje i desse tilfella, vil kunne framstå svært urimeleg. Etter det departementet er kjend med, er det dessutan få saker som er fremma om erstatning etter straffeprosessloven § 444 første ledd bokstav c. Dersom det i framtida vil kome saker der det føreligg omfattande brot på EMK, med tilhøyrande store økonomiske tap, er det ikkje noko i vegen for å avgjere saka etter alminneleg erstatningsrett utan domstolsbehandling, ved å vedkjenne erstatningsansvar eller inngå forlik. Ein vil då ikkje vere bunden av beløpsgrensa.

Straffeprosessloven § 445 gir rett til erstatning for økonomisk tap sjølv om vilkåra i § 444 ikkje er oppfylte, føresett at det framstår rimeleg. Som det går fram av Ot.prp. nr. 77 (2001–2002) *Om lov om endringer i straffeprosessloven mv. (erstatning etter strafforfølgning)* punkt 21.1, side 113 kan erstatning etter § 445 til dømes vere aktuelt der det viser seg ved domfellinga at fridomskrenkinga står i eit klart misforhold til den straffa som vert idømd. Av same punkt går det fram at brot på EMK artikkel 6 kan gi grunnlag for erstatning etter straffeprosessloven § 445, med mindre det blir gitt eit forholdsmessig frådrag i straffa på grunn av behandlingstida. Etter departementet si vurdering er det ikkje grunn til å gjere forskjell på

§§ 444 og 445 når det gjeld forslaget om å innføre ei beløpsgrense. Beløpsgrensa vil difor også gjelde i desse tilfella. På same måte som ved brot på straffeprosessloven § 444 første ledd bokstav c, så er det ved omfattande brot på EMK artikkel 6 med tilhøyrande store økonomiske tap, ikkje noko i vegen for å vedkjenne seg erstatningsansvar eller inngå forlik.

Etter departementet si vurdering bør beløpsgrensa òg gjelde for økonomisk tap andre enn den sikta blir påført etter ei strafforfølgning, jf. straffeprosessloven § 448.

Når det gjeld spørsmålet om kor høgt beløpsgrensa skal settast, har enkelte høyringsinstansar meint at den må settast lågare enn 160 G og i staden knytast til eit årleg beløp. Bakgrunnen for at beløpsgrensa i høyringsnotatet vart sett til 160 G, var i hovudsak knytt til at den ikkje skulle ramme dei som fekk straffesaka gjenopna etter langvarige fengselsstraffar. Departementet føreslår no at beløpsgrensa uansett ikkje skal gjelde for denne gruppa, men opprettheld likevel forslaget om ei beløpsgrense på 160 G. Føremålet med forslaget er ikkje å standardisere erstatninga ved at ein legg seg nær eit normalinntektsnivå. Staten skal framleis ta på seg ansvaret for dei konsekvensane strafforfølgning kan få for den enkelte som blir ramma, også når det økonomiske tapet er langt over det folk flest vil kunne ha. Føremålet er å avgrense mot dei ytst få tilfella der det ikkje er rimeleg at staten bruker fellesskapet sine midlar til å dekke svært høge økonomiske tap utan å vurdere om det kan påvisast feil eller skuld. Tal frå Statens sivilrettsforvaltning sin årsrapport for 2024 tilseier at med ei beløpsgrense på 160 G vil framleis 99 prosent av erstatningssøkjjarane få dekka sitt fulle økonomiske tap.

I vurderinga av om ein bør innføre ei øvre beløpsgrense for økonomisk tap, finn departementet å kunne leggje vekt på at erstatning etter straffeprosessloven kapittel 31 synest å gå lengre enn krava som følgjer av både Grunnlova § 94, EMK og SP, sjå punkt 3.1. EMK stiller ikkje krav om eit spesifikt erstatningsbeløp, men beløpet må etter praksis frå EMD ikkje vere uvesentleg eller svært uforholdsmessig sett i forhold til alvorret av krenkinga. EMK overlet i stor grad til konvensjonsstatane å fastsette utmålinga av erstatninga i nasjonal lov. Departementet legg difor til grunn at ei beløpsgrense ikkje er i konflikt med Grunnlova eller Noreg sine menneskerettslege plikter.

Departementet føreslår at beløpsgrensa skal plasserast i straffeprosessloven §§ 444 nytt tredje ledd, 445 nytt andre ledd og 448 nytt andre ledd.

6 Om juridiske personar

Det er verken i straffeprosessloven kapittel 31 eller i forarbeida sondra mellom fysiske og juridiske personar sin til erstatning etter strafforfølging. Det er difor lagt til grunn at også juridiske personar har krav på erstatning dersom vilkåra i lova er oppfylte.

I *høyringsnotatet 4. juli 2025* punkt 6.2 foreslo departementet at retten til erstatning etter ordninga ikkje lenger skulle gjelde for juridiske personar. Etter forslaget skulle dette regulerast i eit nytt fjerde ledd i straffeprosessloven § 444 og eit nytt femte ledd i straffeprosessloven § 447. Forslaget la samstundes opp til at juridiske personar framleis skulle kunne ha rett til erstatning etter § 448 for skade eller annan ulempe som andre enn sikta var påført ved gransking, ransaking, beslag, kommunikasjonskontroll etter kapittel 16 a eller anna forføyning under saka, der dette var rimeleg. Føremålet var å unngå at juridiske personar ville lide tap som tredjepersonar, når til dømes eit selskap som eigar av ei leilegheit vert påført tap fordi politiet øydela inngangsdøra i samband med ei strafforfølging retta mot leigetakaren.

Sjølvm om enkelte *høyringsinstansar*, som *Statens sivilrettsforvaltning*, er for forslaget, er fleirtalet av høyringsinstansane imot, til dømes *riksadvokaten*, *Oslo politidistrikt*, *Øst politidistrikt*, *Advokatforeningen*, *NHO*, *SMB Norge* og *Regnskap Norge*.

Riksadvokaten viser til deira tidlegare høyringsfråsegn til NOU 2016: 24 *Ny straffeprosesslov*, og er ikkje overtydde om at ein regel som utelukkjer eitkvart krav frå juridiske personar, og dermed òg krav det er formålstensleg og rimeleg at staten utan vidare erstattar, er eit betre alternativ verken til Straffeprosesslovutvalet sitt forslag, eller til å behalde dagens generelle ordning.

Øst politidistrikt og *Oslo politidistrikt* meiner mellom anna at forslaget vil medføre meirarbeid for politidistrikta sidan erstatningskrav då i staden vil fremjast etter skadeserstatningsloven § 2-1, der ein må vurdere om skuldkravet er oppfylt, noko som vil kunne vere tidkrevjande. Sjølvm om det er få saker, vil saker som gjeld juridiske personar kunne vere omfattande. *Politidirektoratet* er i utgangspunktet einige i dette, men peiker samstundes på at dei òg har erfaring med at saker

som gjeld juridiske personar kan vere mindre omfattande.

NHO er også imot forslaget om å avgrense ordninga mot juridiske personar. Subsidiært meiner *NHO* at det i staden bør innførast ei beløpsgrense for erstatning for inntektstap til juridiske personar. Dei framhevar mellom anna at moglegheita for å bevise aktesløyse i ei sivilsak vil vere ressurskrevjande og nærast illusorisk for små og mellomstore verksemder. Avgrensinga mot å føre bevis om intern saksførebuing i politi og påtale-makt i straffesaker svekkjer ytterlegare moglegheita til å fremje erstatningskrav etter alminneleg erstatningsrett.

SMB Norge meiner forslaget i for stor grad flyttar risikoen over på private aktørar, særleg juridiske personar som verksemder, noko som kan gjere små og mellomstore verksemder sårbare. *SMB Norge* tilrår ei meir nyansert tilnærming, der små verksemder får betre vern mot utilsikta effektar for næringslivet. *SMB Norge* tilrår at ordninga vert oppretthalde for små og mellomstore verksemder, for eksempel verksemder med under 50 tilsette og omsetjing under 100 millionar kroner, som straffeprosesslovutvalet i NOU 2016: 24 *Ny straffeprosesslov* foreslo med ein skjønnsregel. Dette meiner dei vil vareta rettferdsaspektet utan å komplisere ordninga vesentleg. Alternativt kan ei lågare beløpsgrense kunne innførast for juridiske personar.

Advokatforeningen kan vanskeleg sjå korleis det generelt er rimeleg og i samsvar med dei grunnleggjande føresetnadane for erstatningsordninga at ei verksemd som er utsett for urettmessig strafforfølging, ikkje skal haldast skadeslaus for tap som følgje av ei urettmessig forfølging.

Regnskap Norge peiker på at det ofte viser seg at faktisk tilkjend beløp ligg vesentleg lågare enn det opphavlege kravet. Etter *Regnskap Norge* si vurdering tilseier omsynet til å verne verksemder, særleg små og mellomstore verksemder, mot kostnadane som følgje av ei strafforfølging, at det framleis må vere mogleg på nærare vilkår å få utbetalt erstatning på objektivt grunnlag òg for juridiske personar.

Departementet har, i motsetnad til i høyringsnotatet, kome til at juridiske personar likevel ikkje bør utelatast frå ordninga med erstatning etter strafforfølgning.

Som fleire høyringsinstansar har påpeika vil det å utelate juridiske personar frå ordninga kunne ramme små og mellomstore verksemder særleg hardt, då desse ikkje nødvendigvis har ressursar til å føre saka for domstolane. Som NHO, Rekneskap Noreg og SMB Noreg peiker på, er det dessutan i praksis få av dei største erstatningskrava som gjeld juridiske personar. Departementet føreslår difor at juridiske personar fram-

leis skal omfattast av ordninga, men at den føreslegne beløpsgrensa òg skal gjelde for desse.

Ved å innføre ei beløpsgrense på 160 G for dekning av økonomisk tap òg for juridiske personar, meiner departementet at ein vil sikre at verksemder får erstatning til å dekke det mest nødvendige av påførde tap. Der tapa har vore større enn beløpsgrensa, er det mykje som tilseier at verksemda er av ein slik storleik eller har stor nok kapital til enten å dekke tapet sjølv, eller å fremje krav på erstatning etter skuldansvaret. Vi viser elles her til dei vurderingane som er gjorde i punkt 5.4.

7 Kven krav om erstatning skal rettast til

Straffeprosessloven § 449 første ledd regulerer saksbehandlinga for krav om erstatning etter strafforfølging. Kravet skal settast fram for det politidistriktet som etterforska saka. Politidistriktet sender kravet og straffesaksdokumenta til Statens sivilrettsforvaltning som behandlar kravet etter delegert myndigheit frå Justis- og beredskapsdepartementet. Statens sivilrettsforvaltning innhentar uttale frå påtalemakta ved behov.

Departementet føreslo i *høyringsnotatet 4. juli 2025* punkt 6.5 å endre straffeprosessloven § 449 første ledd første og andre punktum slik at det går fram av lova at det er Statens sivilrettsforvaltning som behandlar krav om erstatning etter strafforfølging, og som krava skal framsettast for. Etter forslaget skal Statens sivilrettsforvaltning innhente politidokumenta i saka, og kan be påtalemyndigheita uttale seg om kravet. Høyringsnotatet la særleg vekt på at forslaget ville verke effektiviserande og dessutan leggje til rette for meir brukarvennlege løysingar.

Alle *høyringsinstansane* som har uttalt seg, støttar forslaget om at erstatningskrav skal framjast direkte til Statens sivilrettsforvaltning. Det gjeld *Politidirektoratet*, *Nordland politidistrikt*, *Trøndelag politidistrikt*, *Statens sivilrettsforvaltning* og *Advokatforeningen*.

Politidirektoratet peiker i høyringsfråsegna si på at etter deira kjennskap vert saker i dag som hovudregel vidaresende frå politiet til Statens sivilrettsforvaltning utan merknader. Det er ikkje eit sterkt generelt behov for at politiet skal ha moglegheit til å kommentere krava før dei vert mottekne av Statens sivilrettsforvaltning.

Nordland politidistrikt og *Trøndelag politidistrikt* viser til at det vil vere ressursparande for distriktet om krava heretter skal sendast direkte til Statens sivilrettsforvaltning.

Advokatforeningen er òg positiv til forslaget, men peiker på viktigheita av utvikling av digitale løysingar for innsending av krav og oppfølging av saker.

Departementet foreslår at straffeprosessloven § 449 første ledd vert endra i tråd med forslaget i høyringsnotatet. Forslaget fekk brei støtte under høyringa. Eit krav om erstatning etter strafforfølging skal med dette rettast direkte til Statens sivilrettsforvaltning, som innhentar politidokumenta i saka og ved behov ber om ei uttale frå påtalemakta.

Forslaget medfører auka brukarvenlegheit ved at erstatningssøkjaren berre må forhalde seg til eitt organ. Endringa legg vidare til rette for ei effektivisering ved at Statens sivilrettsforvaltning kan utvikle digitale løysingar.

8 Overgangsreglar

8.1 Forbodet mot tilbakeverkande lover etter Grunnlova § 97

Det følgjer av Grunnlova § 97 at «[i]ngen lov må gjevast tilbakeverkande kraft». Føresegna vernar mot tilbakeverknad til skade for den enkelte. Forbodet mot tilbakeverknad er grunnlagt i allmenne rettferds- og rettstryggleikssyn, og skal sikre borgarane føreseielege forhold og verne mot overgrep og vilkårlig behandling.

Kjerneområdet for føresegna er vern mot lovgiving som knytter nye byrder til handlingar eller hendingar som fann stad før lovendringa. Slik «eigentleg tilbakeverknad» er i utgangspunktet grunnlovsstridig med mindre det finst sterke samfunnsmessige omsyn som grunngir tilbakeverknaden. Inngrep i etablerte rettsposisjonar vil normalt berre vere grunnlovsstridig dersom tilbakeverknaden er særleg eller klart urimeleg eller urettferdig («ueigentleg tilbakeverknad»), jf. Rt-1996-1415.

8.2 Forslaget i høyringsnotatet

Departementet føreslo i høyringsnotatet 4. juli 2025 punkt 6.6 tre alternative overgangsreglar for ikraftsetjing av regelendringa om beløpsgrense, utan å konkludere på kva alternativ som var å føretrekke.

Dei tre ulike overgangsreglane vart lagt fram som alternativ a til c. Alternativ a og b knytte skjeringstidspunktet til tapet og la til grunn at beløpsgrensa ikkje skulle få verknad for tap som oppstod før lova trådde i kraft. Alternativ a la til grunn at beløpsgrensa i desse tilfella heller ikkje skulle gjelde framtidig inntektstap. Alternativ b la til grunn at framtidig inntektstap skulle dekkast med ein prosentdel tilsvarande kor mykje av den totale strafforfølgingsperioden som fann stad før lova trådde i kraft. Alternativ c la til grunn at beløpsgrensa ikkje skulle få verknad der ein fekk status som sikta før lova trådde i kraft.

Departementet drøfta tilhøvet til forbodet mot tilbakeverkande kraft i Grunnlova § 97, men meinte at ingen av alternativa ville vere i strid med

føresegna. I høyringsnotatet la departementet vekt på at alternativ a og b ville medføre ein meir komplisert overgangsregel, men raskare ikraftsetjing, medan alternativ c ville vere den enklaste overgangsregelen.

8.3 Høyringsinstansane sitt syn

Det er berre *Statens sivilrettsforvaltning* som har uttala seg om forslaga til overgangsregel.

Statens sivilrettsforvaltning støttar alternativ c i høyringsnotatet. Dei meiner tidspunktet for siktinga bør vere avgjerande, då det er siktinga og strafforfølginga deretter som er den skadevaldande handlinga i saker om erstatning etter strafforfølgning. Statens sivilrettsforvaltning peiker på at med alternativ c unngår ein unødig kompliserte vurderingar av når tap oppstår, samstundes som det varetek den skadelidne på ein god måte. Statens sivilrettsforvaltning meiner at forslaga til overgangsregel i alternativ a og b vil vere tungvinte og by på vanskelege avgrensingsvurderingar.

8.4 Departementet si vurdering

Departementet føreslår ein overgangsregel som i all hovudsak er i tråd med alternativ c i høyringsnotatet, men at skjæringstidspunktet ikkje utelukkande vert knytt til tidspunktet for den formelle siktinga etter straffeprosessloven § 82 første ledd, men òg ved sikting etter § 82 tredje ledd. Føremålet med overgangsreglar er å sikre ein føreseieleg og god overgang frå gamalt til nytt regelverk, og er særleg aktuelt der ei lovendring verkar inn på etablerte rettar.

Ein mistenkt får stilling som sikta når påtalemakta har erklært at han er sikta eller har innleia strafforfølgning mot han ved retten, eller det er bestemt pågriping, ransaking, beslag eller liknande retta mot han, jf. straffeprosessloven § 82 første ledd. Tidspunktet for når nokon vert sikta kan difor lett dokumenterast og vil sjeldan by på tvil.

I utgangspunktet er det først når ein person er formelt sikta at politiet eller påtalemakta har høve til å nytte tvangsmidlar, som igjen aukar sannsynet for at ein person kan påførast tap. Siktinga utløyser ei rekkje rettar for vedkomande, jf. straffeprosessloven kapittel 8. Ein overgangsregel knytt til tidspunktet for siktinga, vil såleis samsvare godt med lova sitt system elles.

Unntaksvis har politiet og påtalemakta høve til å nytte tvangsmidlar òg før vedkomande får status som sikta, jf. straffeprosessloven § 82 tredje ledd om skjulte etterforskningsmetodar retta mot ein mistenkt. I høve til reglane om erstatning etter strafforfølgning får ein mistenkt likevel stilling som sikta, jf. straffeprosessloven § 82 tredje ledd siste punktum. Departementet føreslår ein overgangsregel som seier at beløpsgrensa ikkje skal gjelde for dei som vert sikta etter § 82 første ledd eller § 82 tredje ledd, før lova tek til å gjelde. Dette gjeld sjølv om tapet har oppstått etter lova trådde i kraft. Beløpsgrensa utgjer med dette ikkje noko inngrep i etablerte

rettsposisjonar, og vil ikkje ha element av tilbakeverknad.

Departementet har vurdert behovet for ein overgangsregel knytt til endringa i saksbehandlingsreglane. I tråd med føringar i Ot.prp. nr. 77 (2001–2002) *Om lov om endringer i straffeprosessloven mv. (erstatning etter strafforfølgning)* punkt 17.4.5 side 99 har ein i praksis lagt til grunn at foreldingsfristen vert rekna som avbroten når kravet er sett fram for politidistriktet. Etter forslaget skal krav heretter rettast til Statens sivilrettsforvaltning og ikkje politiet som i dag. Dersom kravet ved ei feil framleis vert fremja til politidistriktet, og ikkje Statens sivilrettsforvaltning, og kravet i mellomtida vert forelda, må eventuelle spørsmål om fråfall av påstand om forelding vurderast opp mot føringane i rundskriv G 01/2017 punkt 5. Departementet meiner at det ikkje er behov for å gi ein eigen overgangsregel om dette, men at det i ein periode kan vere naturleg å vurdere å fråfalle forelding, til dømes fram til ein har fått på plass ei digital søknadsløysing.

9 Økonomiske og administrative konsekvensar

Med utgangspunkt i talet og storleiken på erstatningssaker som er komne inn til Statens sivilrettsforvaltning dei siste åra, er det venta at erstatningsutgiftene vil auke i 2026 som følgje av at det er fleire saker med høge utbetalingar til behandling.

Å innføre ei øvre beløpsgrense for inntektstap kan i framtida gi innsparingar for staten i enkelte saker. Dei moglege innsparingane som følgje av forslaget er svært usikre og avheng av mange ulike moment. Regjeringa har vedteke ein offensiv politikk mot økonomisk kriminalitet som er følgd opp med vesentlege løyvingar til Økokrim og politiet. Departementet legg til grunn at dei

auka løyvingane vil gi seg utslag i fleire straffeforfølgingar. Auken vil potensielt òg medføre fleire erstatningssaker, der enkelte vil nå beløpsgrensa. Storleiken på innsparingane som følgje av beløpsgrensa, vil avhenge av kor store inntektstapa er i dei enkelte sakene.

Det kan ta lang tid frå strafforfølginga til eit eventuelt erstatningskrav er ferdigbehandla og utbetalt. Beløpsgrensa vil gjelde for siktingar som blir tatt ut etter at lova har trådd i kraft. Fordi etterforsking av økonomisk kriminalitet ofte kan trekke ut, vil den fulle effekten av regelendringa kunne ta tid.

10 Merknader til føresegnene

10.1 Til endringane i straffeprosessloven

Til § 444 tredje ledd

Det vert i *nytt tredje ledd* i føresegna innført ei beløpsgrense for dekning av økonomisk tap ved erstatning etter straffeforfølgning. Beløpsgrensa blir sett til 160 gongar folketrygdas grunnbeløp, slik dette er fastsett i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd § 1-4 med forskrift. Det er grunnbeløpet på utbetalingstidspunktet som skal leggjast til grunn ved utrekning av beløpsgrensa. Ved krav som overstig 160 G kan det overskytande fremjast i eit søksmål etter alminnelege erstatningsreglar.

Beløpsgrensa gjeld i utgangspunktet dei som vert tilkjend erstatning etter straffeprosessloven §§ 444 første ledd, 445 og 448. Dette gjeld likevel ikkje personar som er frifunne etter å ha fått saka si gjenopna, etter reglane i straffeprosessloven kapittel 27. Beløpsgrensa gjeld heller ikkje domfelte som vert tilkjend erstatning for økonomisk tap som skuldast fullbyrda straff som overstig den straffa vedkomande vart dømd til etter gjenopning, jf. § 444 andre ledd.

Beløpsgrensa gjeld både for fysiske og juridiske personar, og knyt seg til det samla økonomiske tapet. Døme på relevante økonomiske tap kan vere tap av liden og framtidig arbeidsforteneste, tap av klientar eller kundar, tap av bonus og pensjon, tap som følgje av psykiske problem etter fengsling og ekstrautgifter grunna beslag eller inndraging av førarkort. Andre erstatningspostar som til dømes oppreising skal ikkje medreknast.

I samsvar med § 444 første ledd, skal eit eventuelt økonomisk tap først vurderast opp mot nedsetjingsgrunnane i § 446, før ein ser på om det samla økonomiske tapet utgjer meir enn beløpsgrensa. Departementet viser til dei alminnelege merknadane i punkt 5.4.

Til § 445 andre ledd

Den føreslåtte føresegna er ny og regulerer beløpsgrensa for erstatning for økonomisk tap. Det vert vist til merknaden til § 444 nytt tredje ledd.

Bakgrunnen for endringane går fram av dei alminnelege merknadane i punkt 5.4.

Til § 448 andre ledd

Den føreslåtte føresegna er ny og regulerer beløpsgrensa for erstatning for økonomisk tap. Det vert vist til merknaden til § 444 nytt tredje ledd.

Bakgrunnen for endringane går fram av dei alminnelege merknadane i punkt 5.4.

Til § 449 første ledd

I første punktum vert det gjort nokre mindre justeringar som følgje av at krav om erstatning etter strafforfølgning heretter skal rettast til Statens sivilrettsforvaltning, som avgjer kravet.

Andre punktum presiserer at Statens sivilrettsforvaltning må innhente politidokumenta i saka, medan behovet for å be påtalemakta om å uttale seg, kan vurderast konkret. Behovet for ein uttale vil avhenge av forholda i saka og kva spørsmål erstatningskravet reiser. Endringane er ikkje til hinder for at påtalemakta om ønskeleg uttalar seg om kravet allereie ved oversendinga av dokumenta i saka. Departementet viser til dei alminnelege merknadane i punkt 7.

10.2 Til lovforslaget del II

Skjerjingstidspunktet for kva tid dei nye lovendringane skal gjelde, knyt seg til tidspunktet for siktinga, jf. straffeprosessloven § 82 første ledd. Der påtalemakta har teke ut sikting før lova tok til å gjelde, får endringane ikkje verknad. Der det ikkje er teke ut sikting før lova er trådd i kraft, men vedkomande har vore mistenkt og utsett for skjulte etterforskingsskritt slik at ein kan ha krav på erstatning etter § 82 tredje ledd, vil det vere tidspunktet for når dei skulde etterforskingsskritt tok til, som er avgjerande for om beløpsgrensa skal gjelde. Heller ikkje tap som oppstår etter at lova har trådt i kraft, vil då omfattast. Departementet viser til dei alminnelege merknadane i punkt 8.4.

Reglane tek til å gjelde frå det tidspunktet Kongen fastset. Føreseгна gir òg ein heimel til Kongen, for å fastsette nærare overgangsreglar ved behov.

Justis- og beredskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i straffeprosessloven (beløpsgrense for dekning av økonomisk tap ved erstatning etter strafforfølgning).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i straffeprosessloven (beløpsgrense for dekning av økonomisk tap ved erstatning etter strafforfølgning) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i straffeprosessloven (beløpsgrense for dekning av økonomisk tap ved erstatning etter strafforfølging)

I

I lov 22. mai 1981 nr. 25 om rettergangsmåten i straffesaker blir det gjort følgjande endringer:

§ 444 nytt tredje ledd skal lyde:

Erstatning for økonomisk tap etter bestemmelsen her er begrenset til 160 ganger folketrygdens grunnbeløp. Beløpsgrensen gjelder ikke der en domfelt blir frifunnet etter gjenåpning eller tilkjennes erstatning etter annet ledd.

§ 445 nytt annet ledd skal lyde:

Bestemmelsen i § 444 tredje ledd første punktum gjelder tilsvarende for erstatning for økonomisk tap tilkjent etter bestemmelsen her.

§ 448 nytt annet ledd skal lyde:

Bestemmelsen i § 444 tredje ledd første punktum gjelder tilsvarende for erstatning for økonomisk tap tilkjent etter bestemmelsen her.

§ 449 første ledd skal lyde:

Et krav om erstatning eller oppreisning etter strafforfølging skal settes frem for *Statens sivilrettsforvaltning*, som avgjør kravet. *Statens sivilrettsforvaltning skal innhente sakens dokumenter og kan* be påtalemyndigheten uttale seg om kravet. *Statens sivilrettsforvaltnings* avgjørelse er ikke et enkeltvedtak etter forvaltningsloven.

II

1. Lova gjeld frå det tidspunktet Kongen fastset.
2. Endringane i straffeprosessloven § 444 tredje ledd, § 445 andre ledd og § 448 andre ledd gjeld ikkje der sikta fekk stillinga som sikta etter § 82 første ledd eller etter § 82 tredje ledd fjerde punktum før lova tok til å gjelde.
3. Kongen kan gi nærare overgangsreglar.
